

Referat frå foreldremøte 08.09.20

Til stades frå foreldra: Wenche, Lise, Andre, Anders, Cathrine, Helin, Morten, Anne og Ranveig

Sak 1. Rutiner og kvardagen på skulen

- 7. klasse bruker inngang til venstre på baksida av skulen. Blå-gangen blir nytta til å henge frå seg klede.
- I forhold til støy pga. riving, går dette veldig bra.
- Me kan ikkje bruka gym-garderobane enno. Bra om dei har på tøy som er greit å ha aktivitet i dei dagane dei har gym, men at det kan vere greit å ha med skift om elevane blir blaute eller svette.
- Me har hatt utesymjning til no, under streng skifte-regime, men no ventar me til bassenget opnar inne. Vi er ennå litt på vent for når me kan starte opp symjeundervisninga.
- Mjølke og juice kan bestillast på skolelyst.no.
- Med fagfornyelsen har livsmestring blitt eit tema som me skal jobbe med i fleire fag. Elevane sitt beste er viktig. Passport vil bli starta opp i klassa i løpet av hausten.
- 7. klasse er faddarar for 1.-2. klasse, eit ansvar dei tek med glans. Dei yngre elevane er veldig heldige som får desse til faddarar.
- Alle 7.klassingane er TL - leiarar og har ansvaret for eit friminutt kvar veke. Då arrangerer dei leikar for klassekamerater og dei yngre elevane.
- Skulen har meldt elevane på Beintøft (<https://www.beintoft.no/>) og me oppfordra alle til å gå, sykla eller reisa kollektivt (skulebuss) til skulen. Det følgjer kjekke oppdrag med konkurransen som vil bli brukt i faga. Me har som i fjor ein lokal (lokal) konkurranse.
- Skuleavis: Tverrfagligprosjekt på tvers av klassane på mellomtrinnet. Store forandringar i forhold til vennegrupper for 7. klasse, og me prøver å bygge eit godt nytt mellomtrinn.

Sak 2 - vekeplan

Vekeplanen blir lagt ut på heimesida på fredager, -der kan foreldra abonnere slik at dei får varsel når det blir lagt til nye ting.

Sak 3 - Leirskule

Leirskule til Haraldvigen vart avlyst for Sirdalsskulen grunna covid-19. Mulig det blir vår eller haust 2021, me ventar på tilbakemelding frå Haraldvigen. Me håper uansett å få til noko til våren, dette kombinert med klasseseturen. Håper eg kan få hjelp av nokre foreldre til evt. dette.

Sak 4 - Haustsamling

Klassekontakten planlegg noko saman med dei andre foreldra. Det er vanskeleg å finna ein dag som passar alle og ikkje krasjar med trening o.l., så ein må berre bestemma ein

dag. Innspel: ein bør ha arrangementet utandørs, og det bør skje før haustferien. Leik (t.d. døball, volleyball, basketball) mellom foreldre og ungane er ofte populært, å dette er eit ønske frå elevane. Golf-morro og aktiviteter på golfbana vart nemt som forslag.

Viss det skulle vera noko er det berre å ta kontakt.

Hilde Sinnes ✉ hilde.sinnes@sirdal.kommune.no tlf. 92022173

Sinnes skule 11.08.2020